



Notat

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse

Torill Klinker 2014/64-5

Dato

26.03.2014

Omkøyringsalternativ Arna - Dale. Svar på oversendingsspørsmål.

I samband med handsaming av melding nr. 14/14 om samla plan for omkøyringsvegar sette representanten Tom Skauge (SV) i møte i samferdselsutvalet 22.01.2014 fram slikt oversendingsspørsmål:

Ei kritisk strekning med få omkøyringsalternativ er Arna- Dale. Vil rådmann ta fram den tidlegare høgt prioriterte planen for ferjeavløysningsforbindelse på nordsida av Osterøy gjennom Toskedalen.

Til spørsmålet har fylkesrådmannen følgjande svar:

Kallestadsundet bru vart opna i 1985 og Osterøy fekk dermed sitt første fastlandsamband. Planen var at brua ved bygging av ein 8-9 km ny veg frå Kallestad i Vaksdal kommune skulle knytast til eksisterande fylkesvegnett på Tysse i Osterøy kommune. Prosjektet låg lenge inne på prioriteringslista over store fylkesanlegg som kvalifiserte til statleg tilskot. Då denne tilskotsordninga vart avvikla låg prosjektet på plassen etter Jondalstunellen. Det føreligg kommunedelplan med konsekvensutgreiing for prosjektet frå 2006 med ei kostnadsramme på over 300 mill. kr.

Ved høyringa av handlingsprogrammet 2010-2013 for det nye fylkesvegnettet etter forvaltningsreforma vart ikkje vegprosjektet Kallestadsundet bru - Tysse prioritert frå Osterøy heradstyre si side. Vaksdal kommunestyre derimot prioriterte prosjektet. Ved handsaminga av handlingsprogrammet i fylkestinget vart prosjektet ikkje prioritert. Heller ikkje i handlingsprogrammet til Regional transportplan 2013-2024 er vegsambandet prioritert, men det er nemnt under Vaksdal kommune i den kommunevise omtalen. Her heiter det at prosjektet ligg på det øvrige fylkesnettet og er ikkje vurdert til å ha stor regional betydning.

Spørsmålet om alternative omkøyringsvegar når E16 er stengt, er ei høgst aktuell problemstilling. Dersom det skal satsast på alternativet om Toskedalen og Kallestadsundet bru må det i tillegg til bygging av ovannemnde manglande vegstrekning også gjennomførast vesentlege utbetringar av eksisterande fylkesveg både i Osterøy og Vaksdal kommunar. Etter fylkesrådmannen sitt syn må vurderingar i denne storleiken gjerast gjennom revisjon av Regional transportplan.

Administrasjonen finn ikkje grunnlag for å fremja sak om omkøyringsveg for E16 over Toskedalen og Kallestadsundet bru.